

HYRDINGEN

NR. 6

Desember 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Vinnar av teiknekonkurransen Rebekka Askeland Krunenes 7. klasse, Bjoa skule.

*Glade jul, hellige jul
engler daler ned i skjul.
Hit de flyver med paradigrønt,
hvor de ser hva for Gud er skjønt.
Lønnlig i blant oss de går,
lønnlig i blant oss de går.*

Sideoversikt	
Julehelsing frå biskopen	2
Redaksjonspennen	3
Roadservice	3
Syng jula inn på fleire språk i Vats	3
Jul i eit framandt land	4

Trusopplæring i Vindafjord	5
Velkommen på søndagsskulen	5
Misjonsfest og 90-års feiring i Skjold... ..	6
Vinnarane av teiknekonkurransen	7
Juleevangeliet	8
Barnekryssord	9

«Merkverdige Madagaskar»	10
Seminardag på Kyrketunet	10
Gunnar Hamnøy på Kyrketunet	11
Tankestreif i advent	12
50-års konfirmantjubileum i Vats	12
Gudstenester og møter	14



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00

Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedrelid@

vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes

Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,

Pb. 40, 5583 Vikedal.

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Norodd Stavenjord

Mobil: 97 76 57 18

Prostiprest Einar Andreassen:

Mobil: 971 08 788

Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Ottar Krakk

Julehelsing frå biskopen

Vi hadde planlagt skolen si julegudstevne med god hjelp av sjetteklassingane. Teksten som dei hadde fått som førebuing, var Erik Hillestad sin salme:

«Stille natt, hellige natt
barnet er vår største skatt
Hyrder vekkes av gåtefull klang
Natten fylles av englenes sang
Kristus, vår Frelser er født.»



Saman hadde vi delt juleevangeliet sine kjente ord om Han som kom til vår jord, delte våre kår, vart menneske som oss, sårbart, redd, med håp og draumar. Han gjekk den tunge vegen som vaksen til korset, der han delte sin kjærleik med oss. Det som gjorde sterkest inntrykk på elevane, var ein tekst som var skreven av Bjarne, som sjølv hadde Downs syndrom. Eg hadde lånt teksten av ein prestekollega som hadde fått hjelp av Bjarne til si eiga julepreike. Bjarne skreiv: «Kjærleik er Gud si makt. Jesus dødde på krossen. Han tar til seg det gode og set stryk over det vonde. Jesus Kristus hang på kros-


sen for at vi ikkje bare skulle være ein feiltrinn.» Og så avsluttar Bjarne slik: «Vi lever i håpet, vi som trur på Gud. Vi menneske må ha håp, kjærleik og varme følelsar. Det får vi i kyrkja.»

Mitt ynskje for alle som søker kyrkja sitt heilage rom i advents- og julehøytida, på gudstener og konsertar, er at de kan få dele Bjarne sine erfaring av håpet og kjærleiken som er jula sin inderste bodskap.

Velsigna jul!

Erling J. Pettersen

Biskop, Stavanger.



Mathilde Gryte, 7. klasse Sandeid skule



Av Steinar Skartland

I mi ungdomstid kom det slektningar på besøk frå USA. Dei hadde ikkje vore i Gamlelandet på 60 år. Korleis hadde det vore å reisa frå familie i Noreg i unge år og feira jul langt borte? ”-Det hende julegraute var salta med tårer,” fortalde dei. Lengselen etter dei der heime, som var så langt borte.

Årleg er det mange som går jula i møte her i Noreg mens tankane går til tradisjonar og familie i landet dei kjem ifrå. Det kan nok vera eit stort sagn, sjølv om dei fleste nå kan reisa enklare enn dei som utvandra til Amerika frå våre bygder. Med fly kjem vi langt på nokre timar. Mange av dei er vane med å feira den kristne jula i heimlandet sitt. Med seg har dei andre tradisjonar og skikkar enn vi er vane med. Anna slags julemat også. Julesongar på andre språk. Då er det flott at vi kan få oppleve og dela noko av dette. Det er spennande. I Vats kyrkja samlast dei til fleirspråkleg julesong 18. desember.

Men det er ikkje alle som kan reisa heim til jul. Til landet vårt har mange også kome frå krig og forfylging. Det er ikkje fred på jord denne jula heller. Nyheitene fortel om 5000 flyktningar som har fått godkjent opphaldsløyve i Noreg, men som framleis må bu i mottak. Ingen kommunar vil ta i mot dei. Juleevangeliet minner oss både om eit herberge som det ikkje var ledige rom i og om to unge foreldre som måtte røma for livet med den vesle guten sin. Er det slik i dag og? Kanskje vi kan dela litt av vår og deira julefeiring med kvarandre?

*Eg ynskjer deg ei
Velsigna julehøgtid*



Roadservice i Vikedal

Etter invitasjon frå Imsland, Vikedal og Sandeid sokneråd fekk konfirmantane besøk av Roadservice på Vikedal bygdehus i november. Roadservice, som er eit team utsendt av Skjærgårds Music and Mission Festival og Kirkens Nødhjelp, gjennomførte to økter med trusopplæring og

levarte eit forrykande show skreddarsydd for konfirmantane. I pausen var det pizza-servering og “drikkevarer”, samt sunn digging gjennom sosialt fellesskap. Samtlege sokneråd var på plass og la alt det praktiske vel til rettes. Etter soknepresten sitt syn vart dette ein yr levande kveld!



18. desember

Syng jula inn på fleire språk i Vats

Også menneske med røter lang vekk skal få kjenna på juleglede i kyrkja, meiner dei i Vats. Onsdag før jul skal julesongar lyda på mange tungemål.

- Det er ikkje så få frå andre land som bur eller arbeider i bygda. Mange har eit spesielt forhold til jula, prega av sin eigen bakgrunn. Me ønskjer å fram at fellesskapet om dette med jula er meir grunnleggjande enn ulikskapane mellom oss, seier Margaret Gjerde frå Vats sokneråd.

Ho førebur songkvelden saman med Inger Gunn Velde og sokneprest Jon Ådnøy. Midt i november hadde

arbeidsgruppa julesongar på engelsk, tysk, rumensk, polsk og svensk i tillegg til norsk, og jobba med å finna endå meir. Planen var også å få glimt av juletradisjonar i andre kulturar på songkvelden.

Ein del av songane får tekstar parallelt på fleire språk. Gruppa håpar det også blir innslag av songar som berre finnst på eitt.

- Eg kan heller ikkje polsk. Men gler meg til å prøva som best eg kan å uttrykja julegleda på andre tungemål, seier Jon Ådnøy.

Den internasjonale julesongkvelden tek til klokka 19. Og kostar ingenting.

Jul i eit framandt land

Av Jens Tveit

I våre bygder er det no ein stor del menneske som har vakse opp i andre land - og har familie der. Mange av desse har rike juletradisjonar frå oppveksten sin. Me har vore i kontakt med eit par av desse som velvillig og med begeistring har fortalt om jul i deira fødeland.

Daria Joanna Hotowin'ska

For 3 år sidan kom Daria til Noreg. Ho er 27 år, og er frå Gdansk, Polsk millionby. Ho er utdanna i Polen, og er nå tilsett som kokk ved Brandøy ungdomsheim på Bjoa. Mannen hennar, Jacek, er lastebilsjåfør.


For nokre år sidan var ho og mannen på tur i Noreg. Dei blei begeistra for landet, og snakka om at det hadde vore kjekt å bu her. Nå er draumen gått i oppfylling, og ho seier med begeistring: «Norge er et fint land, jeg elsker Norge!»

Daria fortel at det er stor forskjell på julefeiring i heimlandet og her. «Julekvelden kjem slekt og venner med gaver til kvarandre, men dei blir ikkje opna før juledag.» - «Julekvelden har me

enkel mat, og aldri kjøt. Det er gjerne ei suppe. Men juledag då har me ofte kalkun, eller anna kjøt og mykje god fisk. Og då er det kaker, mange kaker, store og små. I Polen er jul ein stor familiefest. Då ser me ikkje på TV, - men har tid til kontakt med kvarandre!»

Ho fortel vidare at etter frukost går alle ut på spasertur, og så er det den store, gode middagen. Men først har dei vore i kyrkja. 95 % av folket i Polen høyrer til den katolske kyrkja. «Juledag er det messe kl. 9 og kl.10 o.s.v. så lenge folk kjem. - Dei stiller seg i kø og ventar på å få kom inn.»

Daria synest det er lite folk i kyrkja her, og fortel at dei av og til reiser til gudsteneste i Haugesund, og då får dei



treffa andre frå Polen.

Dei har nokre venner i Ølen og Sandeid, men ho saknar slekta, spesielt ei søster som bur i Drøbak. - Og så legg ho til: «Sist jul kom heile familien på besøk til Ølen, ca. 20 personar!»

«Me trivest i Ølen», seier ho til slutt.

Roberta Bulaviene

Roberta er frå den nest største byen i Litauen, Kaunas med 300.000 innbyggjarar. For 10 år sidan kom ho som 21 åring til Noreg for første gong som jordbærplukkar i Grinde, der ho var 3 somrar. 2 år arbeidde ho og mannen, Vidmantas Bulavas, på garveriet i Ølensvåg. Planen var å reisa tilbake til Polen, men Roberta seier, «Me treivst så kjempegodt at me bestemte oss for å bli verande i Noreg». For 3 ½ år sidan kjøpte dei hus i Vi-kebygd, og til dagleg er Roberta i arbeid på Joker-butikken der. - Mannen er medeigar i eit firma som kjører ut matvarer.

Jul i Litauen er ikkje som i Noreg. «Julefeiringa startar julafta», seier Roberta, «og til middagen då må me ha 12 rettar. Det skal minna om dei 12 apostlane. Det er «koldtbord» med fisk av forskjellige slag, salatar, og diverse smårettar, men ikkje kjøt. Sild er viktig, og grønnsaker, sopp og raudbetar m.m. og så høyrer grovt rugbrød til.» Ho fortel vidare at mora kjem frå Suvalkija, sør i landet, og hadde med seg ein spesiell rett derifrå. Det er som ein pudding av havregryn og vatn som skulle stå varmt i ei

veke. Så blei det kokt og silt i eit dørslag og kjølt ned. Puddingen som då var ferdig vart eten med kald, sukra, mjølk til. «Neste dag vart restane varma på panna med bacon til», seier ho drøymande.

«Då me var små fekk me noko spesiell snop dei laga av valmuefrø. Frøa skulle stå i vatn eit døger, så malast minst 3 gonger på kvern og kvitvaskast i kaldt, kokt vatn + sukker. Dette snopet var skikkeleg godt, og svevndyssande.»

Høgtideleg julemiddag

Julekvelden vart det sett på bordet ein tallerk meir enn det var personar. Den var til minne om dei i familien som var døde, og når alle hadde ete, skulle det stå att noko mat. - Når heile familien var samla rundt bordet reiste dei seg før måltidet. Den eldste i familien bad takebøn, og alle gjorde krossteikn.

Vidare fortel Roberta: «Frå kyrkja får me før jul noko som kan minna om ei tynn lefse med bilete av Jesus-barnet og Maria - (liknar norsk gorokake). Det er det første me et om julekvelden, og alle som er saman lar dei andre få eit lite stykke av kaka - det er på ein måte å dela julebodskapen. - Og så kan middagen ta til.» (Ho fortel at heimefrå får



dei sendt slike kaker som ho og mannen deler før julemiddagen i Noreg.)

Gudsteneste

«Når julemiddagen er over, går alle til kyrkje kl. 22.00. Kyrkja er overfylt, og gudstenesta held på til kyrkjeklokkene ringjer ved midnatt - med beskjed om at nå er Jesus fødd - og at det er det tid for julefest. Så går alle heim til julegaveutdeling», fortel ho med begeistring, og legg til at småborn får ofte julegavene tidlegare på kvelden.

Heimlengt

Jul er samlingspunkt for familien, og Roberta vedgår at då lengtar ho heim. «Men i fjor var me i Litauen og feira jul der, og i år får me besøk», seier ho med ein strålade smil.

Trusopplæring i Vindafjord



Av Britt Karstensen

I haust har alle kyrkjelydane i Vindafjord hatt tilbod om samling for 4-åringane i samband med utdeling av bok i ei tilrettelagt gudsteneste.

Ølen sokn var sistemann ut med samling laurdag 9.november og Sprell Levande gudsteneste 10.november. Søndagsskulen i Vågen var også aktivt med i gudstenesta med m.a. dramatisering, bønner og forsongargruppe. Det var flott å oppleve så mange born, store og små, trygge og heimkjende i "si kyrkje".

I Ølen får dei utdelt "Bibelen for dei små" - ei bok som såg så kjekk ut at 4-åringane la seg i midtgangen for å lese med ein gong! Etterpå måtte dei sjølvstolt vise bøkene til alle til fotografering og applaus!

Skattejakt for 1.klassingane blei prøvd ut i alle kyrkjelydar våren 2013. Dette var så kjekt at det vil me halde fram med! Etter jul startar me på med andre runde og gler oss til å leite etter skattar saman med nye 1.klassingar. Invitasjonar vert sendt ut i starten på det nye året.

(På grunn av små årskull i Imsland og Bjoa har me her Skattejakt annankvart år der 2 kull får være med. Her blir det difor ikkje Skattejakt våren 2014.)

I fleire år har 5.klassingane i Skjold, Vats og Vikebygd dratt på leir til Brandøy. Dette pleier å være ei kjekk helg med stor deltaking. I vinter utvidar me dette tilbodet og lagar til leir også for 5.klassingane frå Imsland, Vikedal, Sandeid, Ølen og Bjoa helga 31/1/14 – 2/2/14. Invitasjon og påmeldingsinformasjon vert

sendt ut rett over nyttår.

NB- ALLE BORN er velkomne på trusopplæringstiltaka i Vindafjord, uansett medlemskap i kyrkja eller ikkje. Me har derimot berre høve til å sende invitasjon direkte til dei me har i registeret vårt, dvs døypte og tilhøyrande (born der minst ein av foreldra er medlem i kyrkja). Om det er andre som vil være med så **ta kontakt** med kyrkjekontoret så fikser me det.

STOR TAKK til alle gjevarar som gjer det mogeleg å utvide og utvikle tilboda om trusopplæring til born og unge i Vindafjord! Når mange løfter i lag kan me få til mykje!



Til de som er foreldre, besteforeldre eller faddrar:

Velkommen på søndagsskulen med barna!

Av Elisabeth Fauskanger
Søndagsskulekonsulent

Gjekk du på søndagsskulen då du var liten?

Mange har gode minner frå tida på søndagsskulen. Me hugsar frammøtekort med gullfisk klistermerke, songar me song, søndagsskuleleiarane, bibelforteljingane, flanellografen og mykje anna.

«Jesus til barna» er søndagsskulen sin visjon. Me ynskjer at mange barn skal få høyre om og bli kjent med Jesus. I søn-

dagsskulen veit me at når barna får bli kjent med Jesus og med bibelforteljingane og dei kristne barnesongane så får det innverknad på liva deira.

Søndagsskulen representerer noko trygt og stabilt, men og noko nytt og spennande. Mykje har blitt fornya i søndagsskulen dei siste åra gjennom tekstopplegget SPRELL LEVENDE. Her er nye kjekke songar, mange måtar å bli kjent med bibelforteljingane på, leiker og aktivitetar og mykje anna.

Søndagsskulen gir og ut bladet BARNAS med bl.a. teikneseriar, bibelforteljingar og ulike spennande oppgåver. Mange barn får bladet på søndagsskulen.

Me i søndagsskulen håpar du har lyst å ta med deg barn, barnebarn, fadderbarn eller andre barn du kjenner på søndagsskulen. De er kjempevelkomne!

Ei gåve til kontonr. 8220 81 81701 blir delt likt mellom Søndagsskolen Karmund-Sunnhordland Krins og Søndagsskolen Norge.



Gild misjonsfest og 90-års feiring i Skjold

**For redaksjonen,
Trygve Sandvik, Vats**

Dette var eit av dei gildaste oppdrag eg kunne få, sa Klaus Muff då han sa ja til å tala på misjonsfesten og 90-års dagen til misjonsprest Trygve Sandvik fredag den 31. oktober.

Bedehuset i Isvik var fullsett då Klaus Muff gjekk opp på talarstolen. For å få plass til dei siste festdeltakarane måtte ein dekkja på eit ekstra bord i litesalen. Muff heldt ein gripande tale der han viste til det store misjonsskallet som Trygve hadde fått. Versa i Johannes 15 om å vera verande i Jesus var sentrale i denne samanhengen. Han minna og om at ingen var for gamle til å forkynna evangeliet, og Trygve var eit slående døme på at alderdomen var inga hindring.

Dotter til Trygve, Kristin, leia festen med ei stødig hand. Før Muff tala var det song av Feedback. Trygve hadde i årevis halde andaktar og bibeltimar for Feedback, og då Feedback koret stillte opp, var dette ei lita takk for det han hadde gitt dei i tale og omsut, sa representanten for koret. Koret song fleire songar både før talen og etter maten.

Trygve hadde i førevegen sagt frå at han ønskte ikkje nokre gaver til seg sjølv, men han ville gjerne at det vart teke opp ei misjonsgåve. Dette vart gjort, og et-

ter bordverset var det duka for ei god matøkt. Og medan folk forsynte seg av smørbrødfata, gjekk praten livleg rundt borda. Han vart heller ikkje mindre etter at folk hadde forsynt seg av kakebordet. Møteleiaren var litt redd for at maten ikkje skulle strekkja til, men det var ingen ting som tyda på at folk ikkje vart mette.

Tida etter maten var reservert for helsingar til jubilanten. Først ute var den andre dottera til Trygve, Gjertrud, som las opp dikt som faren hadde skrive. Deretter vart ordet gitt til regionsstyrar for NMS, Eivind Hauglid, som hadde vore redaktør for Misjonstidende på same måte som Trygve i si tid var det.

Etter at Hauglid hadde sagt litt om

kjennskapen til Trygve og minne frå studietida si, vart ordet gitt fritt og mange nytta høvet til å koma med ei helsing. Det var ingen tregheit i forsamlinga. Helsingar og gode minne kom som perler på ei snor.

Til slutt fekk jubilanten ordet, og han måtte berre seia at han var ikkje verdig alle dei fine orda, han kjende seg liten og veik, men han måtte takka kvar og ein for det som var sagt. Så fann den spreke 90 åringen fram saga si for å spela "Fager kveldssol smiler" til akkompangnement av Gjertrud på piano. Dette vakte stor applaus, før han heilt til slutt lyste velsigninga over møtelyden.

Ein sers gild fest var til ende.



Trygve Sandvik spelar på sag saman med Gjertrud Sandvik

Vinnarane av teiknekonkurransen

Hyrdingen har også denne hausten invitert elevane i skulane i kommunen til å teikne eit julemotiv. Dette året var songen *Glade jul* sett som tema. Det skulle kårast ein vinnar blant alle deltakarar i 1. - 4. klasse og ein vinnar i 5. - 7. klasse. I tillegg var det føresett minst ein vinnar ved kvar av dei andre skulane. Føresetnaden er at vinnarbileta blir trykt i julenummeret av Hyrdingen.

Det er kome inn teikningar frå seks av dei ni skulane. Me vil takke alle som har tatt del i konkurransen!

Vinnar i gruppa 1.- 4. årsteg er **Olve Birkeland** på Vikedal skule. Han går i 3. klasse. De ser teikninga på same side som denne artikkelen.

Vinnar i gruppa 5. - 7. årsteg er **Rebekka Askeland Krunenes** som går i 7. klasse på Bjoa skule. Teikninga finn du på framsida av Hyrdingen.

Både hovudvinnarane i heile kommunen og vinnarane ved skulane vil få ein liten premie!



Rebekka Askeland Krunenes



Olve Birkeland



Olve Birkeland, 3. klasse, Vikedal skule.

Juleevangeliet

1 I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. 2 Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt, 5 og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. 6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, 7 og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

8 Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. 9 Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende redde. 10 Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. 11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. 12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» 13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

14 «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

15 Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» 16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. 17 Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. 18 Alle som hørde på, undra seg over det gjætarane fortalde. 19 Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. 20 Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.



Tone Krakk Døvik. 4. klasse Vats skule.



Tuva G. Skogen. 2. klasse Vik skule.

2. Julefryd, evig fryd
hellig sang med himmelsk lyd!
Det er engler som hyrdene så
dengang Herren i krybben lå,
∴ evig er englenes sang ∴

3. Fred på jord, fryd på jord,
Jesusbarnet iblandt oss bor!
Englene synger om barnet så smukt,
han har himmelrik dør opplukt.
∴ Salig er englenes sang. ∴

4. Salig fred, himmelsk fred
toner julenatt her ned.
Engler bringer til store og små
bud om han som i krybben lå-
∴ Fryd deg hver sjel han har frelst! ∴



Barnekryssord

Vannrett:

1. Sonen. 7. Lampe. 8. Månad.
9. På innsida
10. Rekke. 11. Jentenamn.
14. Bergen. 15. Område

Loddrett: 1. Bibelsk namn.

2. Spis 3.Connery, 007
4. Gutenamn.
5. Felles mor og far (nynorsk)
6. Øy. 8. Naboar. 12. Månefase.
13. Dessert

Les meir på:
nms.no/gf2014



skapt til å dele
SOMMERFEST
& GENERALFORSAMLING
EKEBERG, OSLO 2.-6. juli 2014
Det Norske Misjonsselskap

«Merkverdige Madagaskar»

Av Martha og Jens Tveit

Overskrifta er tittelen på ei bok om Madagaskar, og ei gruppe på 21 har nett vore og sett denne spanande øya. Om lag halvparten var frå Haugalandet, og med oss på reisa var m.a. misjonærene Anne Marie Reimers, Inger Johanne og Jens Stangeland.

Me er komne tilbake overfylte av inntrykk - sorg og smerte over fattigdom og naud, og glede over dei vellukka ting som misjonen gjer.

Ugløymande er opplevingar ved å vera med på gudstenester med nær 3000 personar i kyrkja. Eit folk som var aktivt med - ikkje minst i den brusande fleirstemte salmesongen (Og liturgien var som den gamle norske, slik at me kunne fylgja med!)

-Det vil føra for langt å stansa ved alle dei mange tinga me har vore vitne til, men me tek med eit par tiltak som Anne Marie Reimers har hatt hand om, og som ho har skaffa økonomisk støtte til her heime.

Barneheim i Antsirabe

Her vart me tekne imot av ein tillitsfull og strålende flokk - for det meste foreldrelau-

se barn - mange av dei plukka opp, etterletne på gata. Dei song for oss (slik berre gassarar kan syngja, til og med ein song på norsk! Borna var i alle aldrar, frå ganske små til tenåringar. Dei visste at utan støtte frå Noreg, hadde dei vore hjelpelause, og gav uttrykk for takksemd. Ei av dei større jentene vart spurde om kva alternativet hadde vore om dei ikkje hadde vore på barneheimen. Då svara ho: «Det hadde berre vore vondt. -Her har me det godt, og her får me høyra om Jesus!»

Barneheimen sytte og for at dei fekk dyrka grønnsaker og anna i stor åker, og arbeid med ku og høner høyrde med. Borna der vart òg hjelpte til å få utdanning vidare.

Skule i Manakara

Denne skulen ligg i eit fattig område, og før kom mange av elevane til skulen på tom mage. Dei hadde ikkje mat heime, og fylgjene var at dei hadde lite læringsutbytte. Her har Anne Marie vore aktiv i å skaffa midlar slik at elevane får eit skikkeleg måltid kvar dag. og nå ser foreldra og andre at det har stor verknad, og dei er blitt svært positive til det skulen gir. -Klasse for klasse song, dansa og leika for oss ute på skuleplassen - i takksemd for at dei fekk god skulegang.



Sterke og ugløymande opplevingar

Det vil føra for langt å skildra vidare, men me berre nemner: Tur innom jordbrukskuen Tombontsoa, og blindeskule der borna jubla over leiker kvar av dei fekk. Me møtte elevar på døveskule, og jenter frå heile Madagaskar på ein bibelskule i Amboaloboka, der dei og fekk læra praktiske ting (flott opplegg).

I Vohipeno vart me viste rundt på ein 20 år gammal jordbruksskule som imponerte, og me må ikkje gløyma presteskulen i Vangaindrano. Lista kunne lagast mykje lenger - om folk, natur, herleg frukt, trafikk, hus og... Me set berre punktum her.

Takk for det de ofrar til arbeidet på Madagaskar. Det kjem fram, og det er til stor, stor hjelp!

Seminardag på Kyrkjetunet

Av Liv Herborg Wold

Ein laurdag i november var nærare 40 personar samla til seminar på Kyrkjetunet i Ølen. Det var folk frå Etne, Vindafjord, Bømlo, Kvinnherad og Haugesund - fleire av dei hadde køyrt langt. Gjennom seks timar underviste Alise Suhrland om gáva til å prøve ånder, og det å vere sensitiv i det menneskelege og det åndelege. Undervegs var det både gruppesamtalar, lovsong og matpausar. Alise Suhrland hadde eit seminar om dette på OASE i sommar. Difor vart ho invitert til å komme til Ølen for å dele kunnskapen om dette temaet med fleire. Ola Ohm og Magnhild Mo sa og ja til å vera med og leda lovsongen.

Atle frå Bømlo reiste dit med ektefellen sin, og fortel om at han fekk læra meir om både gáva til å prøve ånder og sensitivitet. Han seier: "Eg reknar meg som «middels» sensitiv, men eg merkar at det modnast fram ei tydeligare forståing for dei åndelige kreftene som omgir



Her er OASE gruppa som arrangerte dette seminaret. I tillegg: Magnhild Mo og Alise Suhrland. Frå venstre: Liv Herborg og John Birger Wold frå Ølen. Elisabeth Svalland frå Halsnøy, Alise Suhrland, Jostein Svalland frå Halsnøy og Magnhild Mo frå Stavanger.

oss. Kona som også er her på seminar, er meir åndelig sensitiv enn meg, og me merkar at me blir meir «samkjørt» enn før". Silje og Håkon frå Vats seier: «Vi kom på seminaret fordi dette er eit viktig tema, og vi kjenner på sensitivitet for dette i våre liv. Ofte er det vanskeleg å skilje det menneskelege frå det at det er Gud som talar».

Alise Suhrland delte frå eige liv og viste oss ut frå Guds ord kor viktig det er å ta også denne gáva på alvor. Ho understreka likevel gong på gong at me alle er avhengige av å ha ein tett Jesusrelasjon som grunnlag for alt me tek oss føre, både i dei menneskelege og dei åndelege dimensjonane i liva våre.



Ein glad Gunnar Hamnøy med glade barn frå barneheimen. Fotograf: Andreas Winterstø Ljokje.

Gunnar Hamnøy på Kyrkjetunet

”Takk for at de støtter arbeidet ved Faraja barneheim i Kenya!”

Av Arne Borgemyr

Kyrkjetunet i Ølen har ved fleire høve hatt besøk av forkynnen, leiaren og inspiratoren Gunnar Hamnøy. Han er no leiar for organisasjonen North-South Partnership aid (NSP AID) som har som føremål å hjelpe folket i Afrika, organisere hjelp til Afrika og samle inn pengar som kan skape utikling. Bak organisasjonen står mange bedrifter og private gjevarar. Dei siste åra har Kyrkjetunet sendt pengar til ulike delprosjekt ved barneheimen Faraja i Kenya.

Inspirerende om barneheimen

Då Gunnar Hamnøy talte på Kyrkjetunet den 24. oktober, hadde han ei lyttande forsamling. Det er umogleg å ikkje bli engasjert når ein høyrer på denne mannen. Ikkje nokon utfordring verkar for stor for han. Og han har gode kontaktar som gir store summar.

Hamnøy fortalde nytt frå barneheimen Faraya som er bygt på ein tidlegare misjonsstasjon frå NLM. Det er den lutherske kyrkja på kysten i Kenya som eig og driv barneheimen.

Foreldrelause barn

Det bur i dag 24 foreldrelause barn på Faraja Children's Home, 13 jenter og 11 gutar. Svært mange av barna kjem frå muslimske familiar, Kvar månad overfører NSP aid pengar til drifta av barneheimen.

Reint vatn

Siste året har det blitt bygt ny brønn som sikrar reint vatn til barneheimen. NSP aid har sytt for brønnboring og installasjon av pumpeutstyr og røyrleidning fram til store vasstankar.

Nybygg og rehabilitering

Dei siste åra har det også blitt bygt nye hus på området, og eldre hus blir rehabi-

litert. Det er skule på området. No vert det også bygt eit drivhus på 200 m2 slik at barneheimen kan dyrke tomatar og få inntekter av sal.

Stor trong for hjelp

Forsamlinga på Kyrkjetunet fekk denne kvelden ei ny påminning om den nauda som mange barn lever under i området. Men det var og eit sterkt bevis på at det nyttar å hjelpe. Me fekk sjå bilete av glade barn som har fått eit trygt og godt liv sjølv om foreldra er borte - takka vere barneheimen og god hjelp frå store og små gåver frå Noreg.

Alle kan lese meir om dette arbeidet på heimesida www.nsp-aid.com. Du kan vere med å støtte drifta av barneheimen ved å sende pengar til bankkontonr. **1503.25.02277.**

Tankestreif i advent

Av Harald Eintveit

Det er desember. Eg sit åleine i stova på heimegarden. Ute er det småkaldt og grått. Snøen har lagt seg over bakkar og bøar i landskapet. Her og der stig frost-røyk sakte til vers frå ein stille fjord og minner meg så å seia om at naturen lever. Sjølv om veret er vemodig surt, er stemninga god nok til å skapa kjensle av at det no er advent; dette særskilde tids-avsnittet i kyrkjeåret. Advenstida er sanneleg ei vakker vandring for dei fleste av oss. Med glede ser me framover. Det er forventninga og vona si tid framfor noka anna. Hektisk? Ja, visst! Alt tykkjest stå på ende. Men dette gjer ikkje noko,- tvert imot høyrer det med som opptakt til noko større,- for **det** me har i vente er så overstrøymande,- kva no enn dette **det** måtte vera?

Er det julekvelden med si gode, gamle oppskrift: Sølvgutane, "Kimer I Klokker", ribbefeitt og julelys, hyggje og samvere, harmoni og velvere? Eller er det sjølvaste julenissen?

Jo, i vår tradisjon høyrer alt dette med. Likevel ber eg på ei vemodig kjensle til-svarande den songaren har gjeve uttrykk for: *"Å, kunne jeg bare bli barn igjen når juleklokkene ringer..."* Det er noko eg opplever annleis i dag enn eg gjorde for 55 år sidan. Eg skulle ynskja at me alle måtte få oppleve ei uforfalska juleglede. Kanskje har me sett for mykje av det menneskelege og av den verdslege røyndomen til at så kan henda? Eit anna moment er også at erfaring, oppleving, vidd og visdom endrar seg i takt med år og alder. Ille ville det vera om så ikkje var tilfelle. Var det ikkje Paulus, ein av verdsoga sine største teologar, som sa: *"Då eg var barn, tenkte eg som eit barn, tala eg som eit barn, dømde eg som eit barn, men då eg vart mann (d.v.s. vak-sen) la eg av det barnslege."*? Merk s-en i «barnslege»!

Likevel: Manndoms år og alders visdom skal ikkje føra til tapet av den glade, barnlege (utan s-en) jula,- gleda over at noko positivt og nyskapande vil stiga inn i mitt liv og auka styrken av lys, varme og meining.

Det er vel ikkje tapet av den gamle, gode jula me er i ferd med å feira? Og at feiringa difor må fyllast med allslags MATREALISME. Me stiller rett nok med ei slags forventning til eitt eller anna i advent, men når julekvelden er her og pakkane er opna, så er alt tomt og tagalt igjen. Det som fanst av framblikk og framtidstillit er fordufta i glansen av glamour. Dette var preget denne adven-ten enda opp med!

Å leva i advent er heller ikkje berre å ha blikket sitt festa på denne eine og ei-nestående kvelden i året,- som for mange kanskje ikkje innfrir forventningane. Advent er derimot mykje meir ein kyr-kjeårsbolk som skal hjelpa oss til øving i tiltru, i forventning og i håp til Gud og til menneske.

Må dette få prega adventsvandringa vår 2013. Dermed vert det større sjansar for at jula kan oppfyllast ikkje berre i moro, men i glede,- ekte glede!

50-års konfirmantjubiläum i Vats



Mennene frå venstre: Knut Utåker, Johannes Torstveit, Jakob Krakk, Hallvard Haugen, Leif Landa, Kristian Haugland, Arne Sørhus, Helge Sørhus, Ingvald Lærdal, Olav Velde. Damene: Jorunn (Eikeland) Amundsen, Solveig Marie (Landa) Nes, Torunn Irene (Hiskén) Gabrielsen, Karin Marie Ohm, Astrid Lise (Hansen) Solheim, Ragnhild (Bakkevold) Nordtveit, Gudrun (Tjeltveit) Espesvoll, Hanna (Gule) Vestre, Marta (Åserød) Rørtveit. Desse er ikkje med: Harald Haslemo, Ole Martin Vatne, Ingolf Dale, Simon Innvær, Kolbein Sørhus, Gerd (Skrunes) Bygnes, Bjørg (Kvamen) Ohrvik, Sissel Lovise (Sannes) Krosby

Av konfirmantkullet på 28 er det ein som er gått bort. Det er Arne Oddvar Eide som døydd i 2005.

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS

Knapphus
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knapphus
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.




Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Julemessa i Vågen

Ein stor takk til alle som har støtta oss!

Ein komité i Ølensvåg har arrangert julemesse til inntekt for nytt bedehus. I fjor var første året for denne messa, og det vart ein suksess med netto inntekt på om lag 80.000 kroner. Så er messa i år ein enno større suksess med inntekt på litt over 190.000 kroner.

På messa kunne ein kjøpe småkaker og nordlandskaker, mange ulike hånarbeid og pynteting. I tillegg var det to årsal og ei hovudtrekning. Dei fleste gvinstante var gaver frå butikkar og private.

Det var sagt at ingen hadde sett så mykje folk i gym-salen på skulen nokon gong! Og dei fekk kjøpe graut, kaffi og kaker. Det var og ei økt der nokre born song julesongar og me fekk lytte til ein andakt.

Dei mange aktørane som har stått på i lang tid for å verkeleggjere denne messa, fekk verkeleg løn for strevet. Komitéen vil takke alle som på ulike måtar har gjort julemessa til ein suksess.

Løysing:
Vannrett:
Loddrett:

1. Jesus, 7. Utefys, 8. Mars, 9. Inni, 10. Kjø, 11. Anike, 14. By, 15. Sone

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
15. desember 3.s.i adv. Matt 11,2-11	Sandeid kyrkje kl. 17.00 Lysmesse Konfirmantane tek del. Takkoffer: Konfirmantarb.	Vikebygd kyrkje kl. 19.00 Lysmesse Speidarar og konf. er med Takkoffer: KFUK/M	Ølen kyrkje kl 19.00 "Vi syng jula inn" Song, musikk. Tektlesing. Innslag ved kulturskulen. Takkoffer: Frelsesarméen
22. desember	Inga gudsteneste	Inga gudsteneste	Inga gudsteneste.
24. desember Jolekvelden Luk 2,1-20	Sandeid kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kirkens Nødhjelp Vikedal kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Imsland kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Vats kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Misjonsprosjektet Skjold kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Det nye Misjonsprosjektet Vikebygd kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Misjons-prosjektet Bara Madagaskar	Ølen kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kirkens Nødhjelp. Solosong Ølen kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Kyrkjelyden. Bjoa kyrkje kl. 14.30 Takkoffer: Kyrkjelyden
25. desember Joledag Joh 1,1-14	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Frelsesarméen	Skjold kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Ølen kyrkje kl. 12.00 Høgtidsgudsteneste Takkoffer: Åpne dører
26. desember 2. joledag Matt 2,16-23		Vats kyrkje kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste Nattverd Takkoffer: Normisjon	
29. desember Romjulssundag Matt 2,13-15			Ølen kyrkje kl. 11.00. Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Evangelisenteret
31. desember Nyttårskvelden Luk 13,6-9	Imsland kyrkje kl. 16.00 Takkoffer: Diakoniarbeidet	Vats kyrkje kl. 23.00 Midnattsgudsteneste felles for alle. Nattverd. Takkoffer: Trusopplæring i V.fj.	
1. januar Nyårsdag Luk 2,21	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Nytt soknehus.		
5. januar Kristi opb.dag Matt 2,1-12	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Skjold kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Misjonsselskapet	Bjoa kyrkje kl. 17.00 Høgmesse. Nattverd Takkoffer.
12. januar 2.s.i openberringstida Matt 3,13-17	Imsland kyrkje kl. 16.00 Familiemesse Utd. av bibel til 11-åringane. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Vats kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Trusoppl. i Vats	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd., Takkoffer:
19. januar 3.s.i openberringstida 1 Mos 1,26-31	Vikedal kyrkje kl. 11.00 Familiemesse Utd. av bibel til 11-åringane. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Skjold kyrkje kl. 17.00 G-17 gudsteneste Utdeling av biblar til 5.-klassingar Takkoffer: Bibelselskapet Vikebygd kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Takkoffer: Bibelselskapet	Ølen kyrkje kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer
26. januar 4.s.i openberringstida Luk 18,35-43	Sandeid kyrkje kl. 11.00 Familiemesse Utd. av bibel til 11-åringane. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet	Vats kyrkje kl. 11.00 Familiegudsteneste Biblar til 5.-klassingar Takkoffer: Bibelselskapet	Ølen kyrkje kl. 19.00 Nattverd. Takkoffer
2. februar 5. s. i openberringstida Mark 2, 1-12	Imsland kyrkje kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer	Skjold kyrkje kl. 17.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Barne- og ungd. arb. I kyrkjelyden	Bjoa kyrkje kl. 11.00. Familiegudsteneste Biblar til 5. klasse. Takkoffer.

"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)

VÅGEN BEDEHUS

DESEMBER

Søndag 15. Søndagsmøte?
Onsdag 18. Bønnemøte
Lørdag 28. Familiefest
Søndag 29. Høgtidsmøte

JANUAR

Onsdag 8. Bønnemøte
Søndag 12. Søndagsmøte med videotale
Onsdag 15. Bønnemøte
Søndag 19. Årsmøte kl.18.00. Andakt v /S. H. Eidsheim
Onsdag 22. Basar. Andakt v/Harald Grønnevik.
Onsdag 29. Bønnemøte

FEBRUAR

Søndag 2. Møte m/nattverd
Onsdag 5. IMS Bibeltid v/Olav Eikemo
Søndag 9. Søndagskaffi kl. 16.00. Gratis.
Onsdag 12. Bønnemøte
Fredag 14 - søndag 16: Temahelg v/ Røyland kl. 19.00
Onsdag 19. Basar Sjømannsmisjonen.

TORS DAGSTREFF KYRKJETUNET

06.02 Torsdagstreff kl. 11 - 13

KÅRHUS BEDEHUS

29.12. Juletreff 5. dag jul 29. des kl 1430.
Talar: Herdis Heimdal
11.01. Nyttårsfest kl. 18:00. Andakt: Leon Dyngeland
27.01 Vats Bedehus/Soknehus-Foreining: Årsmøte kl. 19:30.
Andakt. Litt å bita i.

BLIKRABYGDA BEDEHUS

29.12 Julefest kl. 14:30

ØVRE VATS BEDEHUS

23.01 Temakveld kl. 19:30
13.02 Årsmøte for bedehuset kl 19:30
20.02 Temakveld kl 19:30

SKJOLD BEDEHUSKRINSAR

21.01 Møte Austrheim. Normisjon.
28.01 Møte Isvik. Normisjon
04.02 Møte Ersland. NMS
11.02 Møte Austrheim. NMS
18.02 Møte Isvik. Samemisjonen

VIKEBYGD BEDEHUS

Søndag 29.11. Julefest kl 15:00. Alle velkommen.
Arr.: Vikebygd S.skule & Laurdagsklubb

SANDEID, VIKEDAL, IMSLAND - VI SYNG JULA INN

Imsland kyrkje tirsdag 10.12. kl. 18:00
Sandeid kyrkje onsdag 11.12. kl. 19:00
Vikedal kyrkje torsdag 12.12. kl. 19:00

VATS BEDEHUS / SOKNEHUS-FOREINING

Kjøp av tomt er nå i orden. Kjøpekontrakt og skøyte vart underskrivne 19. nov. og skøyte innsendt til tinglysing. Takkar for all støtte! Ca. 100.000 kr av kjøpesummen er finansiert med private rentefrie lån. For dei som vil støtta arbeidet vidare, minner me om kontonr. 3330.24.11242

UTBJOA BEDEHUS

er 75 år og i den anledning har vi jubileums- julefest
29. desember kl. 18.00. Sokneprest Harald Eintveit taler.

HJARTELEG TAKK!

Også dette året vart det eit flott resultat av Misjonsmessa for Skjold og Vats. Messestyret vil med dette få retta ei stor takk til alle som gav gevinstar, salsvarer, pengegåver, og til alle som kjøpte lodd og ikkje minst for alt arbeidet som vart lagt ned! Brutto resultatet vart **ca. kr. 147.000**

VIKEDAL KYRKJE

12. desember kl. 19.00. Vi syng jula inn!

FRÅ KYRKJEBOKA

VIKEDAL

Døypte:

27.10. Aksel Holten Leifsen
17.11. Kasper André Ferkingstad Staknes

Døde:

07.11. Johanna Ørnes f.1925

SANDEID

Døypte:

13.10. Sander Tjelmeland-Larsen
17.11. Olene Larsen (Grindheim kyrkje)

IMSLAND

Døde:

28.10. Hans Åsbjørn Ilstad f.1924

VIKEBYGD

Vigde:

Gunnhild Nag og Eivind Mosland

Døde:

01.10. Anders Nagell Alne f.1926

SKJOLD

Døypte:

10.11. Odine Vaksvik
10.11. Theodor Apeland Johannessen

Døde:

24.10. Arne William Håkull f.1925
28.10. Gerhard Meling f.1945
30.10. Liv Yrke f.1959
08.11. Sverre Grunnaleite f.1925

VATS

Døypte:

06.10. Liva Lilleskog Eikeland
06.10. Johan Svantesvold
20.10. Tindra Innvær

20.10. Sander Elias Nilsen

17.11. Mathias Stokland

Døde:

16.10. Edvin Rørtveit f.1922
22.10. Jarl Johan Sjurseike f.1935
17.11. Peder Sigmund Lundegård f.1940

ØLEN

Døypte

13.10. Jørgen Garatun
20.10. Johanne Ljosnes Berge
20.10. Mathias Eikesdal Gravdal
20.10. Theo Vestbø Heggen
10.11. Bianca Alice Stråbø Larsen
17.11. Kasper Gundersen

Døde

06.10. Agathe Kristine Svensk f. 1938

Kyrkjelydstur i Skjold

Halvparten ungar og fulle sirener

30 vaksne og like mange born var på Skjold sin kyrkjelydstur til Ognatun sør for Jæren, fyrste helga i november. Aldri før har Skjold hatt ein tur av dette slaget. Karianne Dagsland, som leia komiteen som førebudde turen, er innflyttar i Skjold, og med i soknerådet.

- Me valde "Velkommen" som tema. Å vera kyrkjelyd handlar jo om å høyra til, og å opna opp for andre, seier Karianne Dagsland.

Under bibeltimen og på det seine kveldsprogrammet med deling av tankar og erfaringar, var dei vaksne for seg sjølve, mens dei yngre hadde eigne opplegg eller skulle vera i seng. Resten skjedde på tvers av generasjonane. Mange fekk oppleve at sporleik, brettspel, gudsteneste og måltid kan vera vel så kjekt når små og store er i lag.

Deltakarane kjende seg mindre velkomne søndag morgon, eit par timar før det lysna. Eit toreskrall utløyste innbrotsalarmen, med hylertar i kvar ei krå, på ein frekvens og med ein styrke som



F.v. Anna Hjelmeland Gregersen, Emma H. Gregersen og Mathilde Nesbu.

kunne skremt dinosaurar. Trass i at skjoldabuen er kjend for sitt kloke hovud og flinke hender gjekk det innpå timen før

sirena måtte gje seg.

Bortsett frå dette var alle samde om at det hadde vore ein fin tur.



Engasjerte deltakarar på sporleik på Ognatun.



Mathilde Alne 4. klasse, Vik skule.

Andaktstelefonen
380 91700
 Åpent bele døgnet!
 Ny andakt tirsdag og fredag
 Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
 Eit menneske å snakke med når livet er som verst
 SOS-Chat:
 www.soschat.no
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no
 Kirkens SOS
 815 33 300

Neste nr av Hyrdingen
 kjem ut 13. februar.
 Frist for innlevering
 av stoff er 18. januar